



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Cathrine Tvedt Lorentzen, 5557 2113

Vår dato  
30.11.2016  
Dykkar dato  
31.10.2016

Vår referanse  
2016/13991 423.1  
Dykkar referanse  
16/1739

Meland kommune  
Postboks 79  
5906 Frekhaug

### Meland - gnr 10 bnr 42 - Holme - riving hytte - oppføring bustad og garasje

Vi viser til oversending frå Meland kommune, mottatt her 31.10.2016.

#### Vedtak:

**Fylkesmannen stadfester Meland kommune sitt vedtak av 14.09.2016, sak 299/2016.**

#### Bakgrunn

Meland kommune ga den 14.09.2016 rammeløyve for riving av eksisterande hytte og oppføring av einebustad og garasje på gnr. 10 bnr. 42. Det vart samstundes gitt dispensasjon frå krav om utbyggingsplan i reguleringsplan for Holme-Holmeknappen.

Vedtaket vart påklaga av Ture Andersen, ved e-post av 14.09.2016. Klagar viser til at byggjesaka ikkje har vore lagt fram for fylkeskonservatoren for uttale før handsaming slik gjeldande reguleringsplan legg til grunn at den skal. Klagar meiner at dette er ein grov sakshandsamingsfeil. Fylkesmannen viser til klaga i sin heilskap.

Utval for drift og utvikling handsama saka i møte den 25.10.2016, sak 66/2016. Klagen vart ikkje teken til følgje. Saka vart derfor sendt til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Når det gjeld saka i sin heilskap, viser vi til dokumenta i saka, som vi føreset at partane er kjende med. Fylkesmannen finn saka tilstrekkeleg opplyst, jf. forvaltningslova (fvl) § 33 femte ledd.

#### Fylkesmannen si vurdering

Forvaltningslova gjeld for Fylkesmannen si handsaming av saka. Fylkesmannen har kompetanse til å prøve alle sider av saka og ta omsyn til nye omstende. Klageinstansen kan sjølv treffa nytt vedtak i saka eller oppheva det kommunale vedtaket og sende saka attende for heilt eller delvis ny handsaming, jfr. forvaltningslova (fvl) § 34.

Det følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 12-4 at ein reguleringsplan er bindande for nye tiltak eller utviding av eksisterande tiltak som nemnt i pbl § 1-6.

I følgje reguleringsføresegnene til reguleringsplan for delar av Holme-Holmeknappen skal byggjesaker leggjast fram for fylkeskonservator til uttale før handsaming i hovudutval tekniske saker.

Administrasjonen har i framlegg til utval for drift og utvikling si handsaming av klaga i møte den 25.10.2016, sak 66/2016 uttalt at:

*«Administrasjonen har vurdert det slik at det i all hovudsak er byggjesaker i nærleiken av Holmestova som må leggjast fram for fylkeskonservatoren. Ettersom omsøkt eigedom ikkje ligg nær Holmestova, var vår vurdering av det ikkje var nødvendig å leggje søknaden fram for fylkeskonservatoren. I tillegg har søknaden vore vurdert av tenesteområde Kultur. Kultur hadde ingen merknadar til søknaden ut over trong for tilbakeføring av terrenget på eigedomen (ubygd areal).*

*At søknaden ikkje var lagt fram for fylkeskonservatoren før handsaming er ein sakshandsamingsfeil som kan innebere at vedtak om dispensasjon frå plankrav og rammeløyve for riving av hytte og oppføring av einebustad og garasje er ugyldig. Administrasjonen kan likevel ikkje sjå at feilen kan ha verka bestemmande på innhaldet i vedtaket, ettersom eigedomen ikkje ligg i nærleiken av Holmestova. Dette inneber at vedtaket er gyldig, jf. fvl § 41.*

*Ettersom vedtaket vart sendt til Hordaland fylkeskommune for klagevurdering har fylkeskonservatoren fått høve til å klage på vedtaket. Kommunen har ikkje motteke klage frå fylkeskommunen. Administrasjonen finn difor at ein mogleg sakshandsamingsfeil uansett er reparert i klageomgangen, og kan ikkje sjå at det er grunnlag for å endre vedtak datert 14.9.2016, saknr: 299/2016, jf. fvl § 33 andre ledd.»*

Fylkesmannen slutter seg i det vesentlege til kommunen si vurdering. Vi viser til at vedtaket er sendt til Hordaland fylkeskommune for klagevurdering, og at fylkeskonservatoren dermed har fått høve til å klage på vedtaket. Det er då grunn til å rekna med at manglande oversending ikkje kan ha verka bestemmande på innhaldet i vedtaket, jfr. prinsippet i fvl 41, slik at vedtaket til kommunen vil ikkje vera ugyldig av den grunn.

Fylkesmannen finn etter dette ikkje grunn til å gjere om Meland kommune sitt vedtak av 14.09.2016, 299/2016.

Fylkesmannen sitt vedtak på side éin er endeleg og kan etter forvaltningslova § 28 tredje ledd ikkje påklagast.

Med helsing

Laila Pedersen Kaland  
seniorrådgjevar

Cathrine Tvedt Lorentzen  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:

Ture Andersen	Holmeknappen 30	5918	FREKHAUG
Arkitekt Mette Kyed	Kvalen 16	5955	LINDÅS
Eirin Moldøy og Trond Vegard Skjold	Holmeknappen 29	5918	FREKHAUG